

## Haust / vinter 2004

**Arrangement:**  
Musikkbasar  
Kyrkjekonsert  
Julekonsert Måløy  
Juletreffest  
Temakonsert  
Temakonsert

**Dato:** 31. oktober  
14. nov  
?. des  
28. des.  
8. jan.  
22. jan.

**Mnd:**  
oktober  
nov  
des  
des.  
jan.  
jan.

**Ansv:**  
Styret  
Styret  
Styret  
Styret  
Komite  
Komite



**Det var tider det**  
I serien gamle bilder ser vi her to gode karar, Odd-Henning Svoren og Rolf Erling Bøe i hyggelig prat under eit bryllaup i Turnhallen for nokre tiår sidan. På den tida var det viktig å drikke mykje for å kompensere for vesketapet som ofte var på slike arrangement.

**Tilbakeblikk**



**På kryss og tvers med VG**

**Prøv VG-kryss VANNRETT**

1 Ro  
5 Blomst  
6 Fryser

**LODDRETT**

1 Ledig  
2 Skryt  
3 Svulme  
4 Adverb

	1	2	3	4
1				
5				
6				

# Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 8

11. årgang

Laussal: Gratis

September 2004

## Basar i Holvik

I haust pågår det omfattande ombyggingsarbeid på grendehuset i Vågsvåg. Gymnastikksalen skal utvidast. Det pågår omfattande ombyggingsarbeid. Det pågår maling, skifte av vindu og bordkledning, pluss at det skal lagast ei leiligheit i grendehuset. Av den grunn kan ikkje salen og grendehuset brukast før nærmare jul, opplyser leiar i husstyret, Finn Vidar Weltzien. Dette betyr at Torskangerpoll Musikklag sin årlege haustbasar ikkje kan vere i Vågsvåg. Styret har bestemt at basaren skal vere i Holvik skule 31. oktober. Korpset tek imot gevinstar. Korpset vil gå rundt med bøker både i Holvik og Vestre Krets.



*Beint må det vere.*



*Her blir det ny kledning.*

[www.torskangerpoll.no](http://www.torskangerpoll.no)

## Arne er på opptrening

Arne Torskangerpoll vart sjuk for litt over ein måned sida. Den alltid blide og energiske dirigenten i over femti år fekk slag. Han vart delvis lam i eine sida. Arne er no på opptrening på Mork like ved Volda. Han får den beste hjelpa som

slag-pasientar kan få. Og det blir meldt om at han gjer stor framgang. Sjølv om han ikkje seier så mykje endå, så er det stadig små lyspunkt som gjer at familien håpar og



trur at han ved hjelp av vilje og fysisk styrke skal klare å trene seg opp igjen på mange område. Vredens Gnag helser til Arne, og ynskjer han god betring. Det er mange som tenkjer på han, og som håpar han skal komme seg på beina igjen. God betring.

## I minnealbumet

Torskangerpoll sitt fotballag på Fløturneringa 2002.

Laget gjorde ein flott innsats, og scora fleire mål.

F.v. Eli, Johan, Erling, Lina, Ottar, Bjarte, Ane og John. Då det var kun eit lag som deltok på denne turneringa, kunne Torskangerpoll glede seg over å bli best, og fekk dermed kongepokalen



## Finn 7 feil



## Litt hjernetrim.

Det er sju feil på det eine bildet til venstre. Studer multikunstner Terje og finn det som er ulikt på dei to bilda. Svaret kan du sende til Terje som lovar fine premiar til dei som finn feila. Det blir ekstra premie til dei som kan finne ut kven sine auge vi ser på bilde 2.

## Lippemuskulatur

A ha gode lipper er kjekt. Det finst kraftig mange typar lipper i verden. Dette kjøtstykket med hol, som er porten inn til kroppen, har mykje godt arbeid kvar dag. Øystein Tennebø stappa eit heilt Granny Smith eple inn mellom lippene uten at dei sprakk. Når lipper møtest kan det vere snakk om alvorlig fart i sakene, heite greier. Chillipepar er ikkje godt å få for mykje av på lippene. Bare spør Arne Ø. Plystring kan gjerast med lippene, og få til dei mest fantastiske tonar som m.a. kan likne på den flottaste fuglesang. Det latinske navnet er labium, ikkje å forveksle med laban, som er ein type seigemann. Mange har hår over overlippa som blir brukt til pynt og beskyttelse, medan andre har berre ei hårstripe nedanfor underlippa. Dei som spelar blåseinstrument har som regel veltrena lippemuskulatur.

